



Kinn kommune

Møtebok

Utval: Oppvekst- og kulturutvalet
Møtestad: Digitalt
Dato: 16.12.2021
Tid: Kl. 09:00 - 12:00

Følgjande medlemmer møtte	Parti
Doris Christensen	Kinn AP
Hege Chatrine Brandsøy	Kinn Rødt
Fredrik Smiley Egeberg	Kinn SP
Torgunn Elisabeth Eikevik	Kinn SP
Ingunn Kjersti Frøyen	Kinn SV
Edvard Iversen	Kinn V

Forfall	Parti	Varamedlem	Parti
Turid Strand		Laila Schult	
Leif Magne Gil	Kinn AP	Ingvar Torsvik Myrvollen	Kinn H
Anett Berg	Kinn H	Vebjørn Leite Olsen	Kinn H
Bengt Solheim-Olsen	Kinn H		
Marie Kristine Øverås Jensen	Kinn SV		

Møtenotater:

Frå administrasjonen møtte:
Kommunalsjef Runa Nybakk
Stabseiar fag og utvikling Anders Moen

Edvard Iversen
Medlem

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
068/21	Godkjenning av innkalling og sakliste
069/21	Godkjenning av møteprotokoll
070/21	Forskrift om opptaksområde for skulane i Kinn kommune



Kinn kommune

Arkiv: FE-033
JournalpostID: 21/52601
Sakshandsamar: Arne Schei
Dato: 10.12.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
068/21	Oppvekst- og kulturutvalet	16.12.2021

Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Oppvekst- og kulturutvalet 16.12.2021:

Handsaming:

Godkjenning av innkalling:

Ingen merknad

Godkjenning av sakliste:

Budsjettendring etter utsendt sakliste.

Ellers ingen merknad.

Votering:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes godkjent.

OPKUV- 068/21 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.



Kinn kommune

Arkiv: FE-033
JournalpostID: 21/49830
Sakshandsamar: Dagny-Ann Gangeskar
Dato: 22.11.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
069/21	Oppvekst- og kulturutvalet	16.12.2021

Godkjenning av møteprotokoll

Møteprotokollen vert godkjent som den ligg føre.

Oppvekst- og kulturutvalet 16.12.2021:

Handsaming:

Votering:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes godkjent.

OPKUV- 069/21 Vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent som den ligg føre.

Møteprotokoll frå sist møte ligg i Politikerportalen og på Kinn kommune si heimeside.

Vedlegg i saken:

Protokoll - Oppvekst- og kulturutvalet - 16.11.2021



Saksnr.	Utval	Møtedato
070/21	Oppvekst- og kulturutvalet	16.12.2021

Forskrift om opptaksområde for skulane i Kinn kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i Opplæringslova § 8-1 vedtek Oppvekst og kulturutvalet i Kinn kommune slikt høyringsutkast som framlegg til kommunal forskrift om opptaksområde for skulane i Kinn kommune, med verknad frå 01.08.2021:

1. Raudeberg skule sitt opptaksområde femner om nord-Vågsøy (bygdene Raudeberg, Halsør, Vedvik, Refvik, Kvalheim og Kråkenes), med grense i sør i Barstadvika,
2. Skram skule sitt opptaksområde femner om sør-Vågsøy (bygdene Måløy, Halnes, Holvik, Vågdvåg, Færestrand og Oppedal) med grense i nord i Barstadvika. I tillegg Silda og øyane i sør.
3. Skavøypoll skule sitt opptaksområde femner om fastlandet (bygdene Osmundsvåg-Degnepoll, Kulen, Blålid, Skavøypoll, Sørpoll og Almenning).
4. Florø barneskule sitt opptaksområde får grense mot Kanalen i aust
5. Krokane skule sitt opptaksområde er avgrensa mot Kanalen i vest, omfattar Krokavegen og området Havikbotn i nord.
6. Torvmyrane skule sitt opptaksområde grensar mot Verpevika i aust.
7. Brandsøy skule sitt opptaksområde grensar mot Verpevika i vest og Grov i aust. I tillegg femnar det om bygdene i Norddalsfjorden, Haukå og Klauvene.
8. Steinhovden skule vert lagt ned, og opptaksområdet vert lagt til Eikefjord barne- og ungdomsskule sitt opptaksområde.
9. Stavang skule vert lagt ned, og opptaksområdet vert lagt til Eikefjord barne- og ungdomsskule sitt opptaksområde.
10. Eikefjord barne- og ungdomsskule sitt opptaksområde femner om bygdene til grense Sunnfjord kommune i aust og sør og Grov i vest

Framlegg til kommunal forskrift om opptaksområde for skulane i Kinn kommune vert sendt på høyring med høyringsfrist 16. februar 2022.

Oppvekst- og kulturutvalet 16.12.2021:

Handsaming:

Opptakspmråde, foreslått av Ingvar Torsvik Myrvollen, Kinn Høyre
Skisse endringsframlegg

Pkt 8 Steinhovden , blir lagt ned 1/8-23

Pkt 9 Stavang, blit lagt ned 1/8-23

Kommunalsjef Runa Nybakk og stabsleiar for fag og utvikling Anders Moen orienterte og svarte på spørsmål.

Oppklaring om feil årstal i framlegg til vedtak. Riktig dato er 01.08.2022.

Innleiinga til framlegg til vedtak er riktig slik:

*Med heimel i Opplæringslova § 8-1 vedtek Oppvekst og kulturutvalet i Kinn kommune slikt høyringsutkast som framlegg til kommunal forskrift om opptaksområde for skulane i Kinn kommune, med verknad frå **01.08.2022***

Votering:

Det vart først røysta over kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak som falt mot seks stemmer; H-v/Ingvar Torsvik Myrvollen, og Vebjørn Leite Olsen, SP-v/Torgunn Eikevik og Fredrik S. Egeberg, R-v/Hege Brandsøy, SV-v/Ingunn Frøyen.

Tilleggsforslag av Ingvar Torsvik Myrvollen vedtatt mot tre stemmer; V-v/Edvard Iversen og AP-v/Doris Christensen og Laila Schult.

OPKUV- 070/21 Vedtak:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i Opplæringslova § 8-1 vedtek Oppvekst og kulturutvalet i Kinn kommune slikt høyringsutkast som framlegg til kommunal forskrift om opptaksområde for skulane i Kinn kommune, med verknad frå 01.08.2022:

1. Raudeberg skule sitt opptaksområde femner om nord-Vågsøy (bygdene Raudeberg, Halsør, Vedvik, Refvik, Kvalheim og Kråkenes), med grense i sør i Barstadvika,
2. Skram skule sitt opptaksområde femner om sør-Vågsøy (bygdene Måløy, Halnes, Holvik, Vågdvåg, Færestrand og Oppedal) med grense i nord i Barstadvika. I tillegg Silda og øyane i sør.
3. Skavøypoll skule sitt opptaksområde femner om fastlandet (bygdene Osmundsvåg-Degnepoll, Kulen, Blålid, Skavøypoll, Sørpoll og Almenning).
4. Florø barneskule sitt opptaksområde får grense mot Kanalen i aust
5. Krokane skule sitt opptaksområde er avgrensa mot Kanalen i vest, omfattar Krokavegen og området Havikbotn i nord.
6. Torvmyrane skule sitt opptaksområde grensar mot Verpevika i aust.
7. Brandsøy skule sitt opptaksområde grensar mot Verpevika i vest og Grov i aust. I tillegg femnar det om bygdene i Norddalsfjorden, Haukå og Klauvene.
8. Steinhovden skule vert lagt ned, og opptaksområdet vert lagt til Eikfjord barne- og ungdomsskule sitt opptaksområde, med verknad frå 01.08.2023.
9. Stavang skule vert lagt ned, og opptaksområdet vert lagt til Eikefjord barne- og ungdomsskule sitt opptaksområde, med verknad frå 01.08.2023.
10. Eikefjord barne- og ungdomsskule sitt opptaksområde femner om bygdene til grense Sunnfjord kommune i aust og sør og Grov i vest

Framlegg til kommunal forskrift om opptaksområde for skulane i Kinn kommune vert sendt på høyring med høyringsfrist 16. februar 2022.

Bakgrunn for saka:

Ved å gjennomføre opptaksområde i samsvar med vedtaket ovanfor, vil innsparingar komme som følgje av naturleg elevtals-/klassenedgang, og ved at avsette ressursar i økonomiplanen vert fordelt etter ressursfordelingsmodell. Sjå forøvrig ytterlegare beskriving i saka.

Flora kommune og Kinn kommune vart samanslått til Kinn kommune frå 01.01.2020. I

Økonomiplan og handlingsprogram 2020 – 2023, budsjettvedtak er følgjande vedtak gjort av Kinn kommunestyre:

11. Rammene for skole vert endra på ein måte som gjer at grendaskulene Solheim og Steinhovden ikkje vert innlemma i andre opptaksområde. Dette har en kostnad på 2,45 mill. i 2020, 5,3 mill. etter dette, som vert å finansiere slik: Rammeauke i skule på 2 mill., 500' vert omprioritert innan skulesektoren sine ordinære rårmer. Rammeaukinga vert teke inn med kutt i posten for sentraladministrasjon med 500'. 1.450.000 vert fordelt forholdsmessig på øvrige innen rammene på øvrige tjenesteområder. I økonomiplanen tas dette inn etter tilsvarende delingsnøkkel.

13. Rådmannen vert pålagt å starte arbeidet med ein skulebruksplan umiddelbart. Planen skal ta innover seg det synkende elevtalet i kommunen, effektiv og god bruk av skuleanlegga, samstundes som planen må ta høgde for seinare vekst i elevtala.

Tillegg:

Utfordringane ved Skram skole er akutte og må finne si midlertidige og langsiktige løysing. Skulebruksplanen skal innehalde ei varig løysing for skule i Måløy sentrum. Planen skal primært vere ei løysing for dagens Skram skule. Løysinga for Skram skal vere klar i 2020 og ein skal i budsjettet for 2021 komme attende med finansiering. Oppvekstutvalet får mandat til å leie arbeidet med skulebruksplanen. Skulebruksplanen må ta innover seg at det er behov for gjere strukturendringar i skulen. Sjølv om grendaskulane skal drivast vidare, er det behov for å sjå korleis vi kan auke snittallet frå 12 elevar i klassane. Dette må skulebruksplana peike på.

I Handlingsprogram og økonomiplan 2021-2024, budsjettvedtak, fatta Kinn kommunestyre slikt vedtak:

11. Kinn kommunestyre startar opp arbeidet med ny forskrift om opptaksområde for Kinn kommune med sikte på innlemming av Solheim skule, Steinhovden skule og Stavang skule i andre opptaksområde frå hausten 2021.

I Handlingsprogram og økonomiplan 2022-2025, har kommunedirektøren lagt fram følgjande framlegg til budsjettvedtak:

15. Det vert lagt opp til ein prosess som legg til rette for vedtak om forskrift for opptaksområde for skulane i Kinn kommune innan 1. mars 2022. Etter handsaming i Oppvekst- og kulturutvalet vert forskrifta å legge på høyring før årskiftet. Høyringstida vert sett til fire veker. Kommunestyret føreset at kommunedirektøren legg opp til ein prosess med medverknad i høyringstida. Ei vurdering av nærskuleretten og bornet sitt beste skal vere del av saksutgreiinga.

Oppfølging av vedtak:

Norconsult fekk oppdraget med å utarbeide «Bruksplan for skule og barnehage 2020 – 2035». Bruksplanen greier ut ulike alternativ for strukturendringar i skulesektoren med bakgrunn i nedgang i elevtalet, og syner løysingar for effektiv og god bruk av skuleanlegga i kommunen. Bruksplanen vart presentert i Oppvekst og kulturutvalet i sak 29/20 i november 2020. Oppvekst og kulturutvalet gjorde slikt vedtak i saka:

Vedtak 029/20 – 20/35794 – Bruksplan for barnehage og skule – orientering om plan

1. Utvalet meina det er sterkt beklagelig at ein ikkje har fått bruksplan endå. Dette skulle vore på plass for lenge sida. Ein ber administrasjonen jobbe for å snarast ferdigstille denne.

2. Utvalet ønskjer å få tilgong til den uredigerte rapporten frå Norconsult.

3. Oppvekst- og kulturutvalet behandler utkast (og eventuelt ferdig rapport) i et ekstramøte før budsjettet i desember.

4. Sak om gymsal kontra flerbrukshall tas opp på neste møte.

Som oppfølging av budsjettedtak punkt 11 i Handlingsprogram og økonomiplan 2021-2024, vart det lagt fram sak om kommunal forskrift om opptaksområde for Oppvekst og kulturutvalet i januar 2021. Oppvekst og kulturutvalet gjorde slikt vedtak:

Vedtak 003/21 – 21/230 Kommunal forskrift om opptaksområde – høyring:

Med heimel i opplæringsloven §8-1 vert forskrift om opptaksområde frå 01.08.2021 lagt ut til offentlig høyring:

Solheim skule: skulen vert lagt ned frå 01.08.2021 og lagt til Brandsøy skule sitt opptaksområde

Steinhovden skule: skulen vert lagt ned frå 01.08.2021 og lagt til Eikefjord barne- og ungdomsskule sitt opptaksområde

Stavang skule og barnehage: skulen vert lagt ned frå 01.08.2021 og lagt til Eikefjord barne- og ungdomsskule sitt opptaksområde. Det kan opnast for at elevane frå Stavøya kan overførast til Florø barneskole. Barnehagen vert lagt ned.

Etter at høyringsfristen var omme, vart saka lagt fram for handsaming i oppvekst og kulturutvalet i april 2021 som fatta slikt vedtak:

Vedtak 023/21 – 21/16481 – Forskrift om opptaksområde for skulane Solheim, Stavang og Steinhovden

Med heimel i opplæringslova §8-1 vert forskrift for opptaksområde for skulane Solheim, Stavang og Steinhovden endra slik:

Solheim skule: skulen vert lagt ned frå 01.08.2021 og lagt til Brandsøy skule sitt opptaksområde

Steinhovden skule: skulen vert lagt ned frå 01.08.2022 og lagt til Eikefjord barne- og ungdomsskule sitt opptaksområde.

Stavang skule: skulen vert lagt ned frå 01.08.2022 og lagt til Eikefjord barne- og ungdomsskule sitt opptaksområde. Det opnast for at elevar tilhøyrande noverande opptaksområde for Stavang skule kan overførast til Florø barneskole.

Vidare drift av Stavang barnehage vil frå hausten 2022 avgjerast av tal på barn i barnehagen, jfr. §14 i vedtekter for barnehagane i Kinn kommune:

Eit barnehagetilbod vert lagt ned og barna overført til andre barnehagar, når tal på plassar som vert nytta er mindre enn:

7 heile plassar i aldersgruppa 1-5 år

5 heile plassar i aldersgruppa 1-5 år, samorganisert med SFO og skule

Saka vart handsama i Kinn kommunestyret som gjorde slikt vedtak:

Vedtak 045/21 - 21/16481 - Forskrift for opptaksområde for skulane Solheim, Stavang og Steinhovden

1. Kommunestyret legg til grunn at flytting av elevar frå Solheim skule skjer etter initiativ, og i samråd med foreldre. Med heimel i opplæringslova § 8-1 vert difor forskrift for opptaksområde for Solheim skule endra slik at Solheim skule vert lagt ned frå 01.08.2021 og lagt til Brandsøy skule sitt opptaksområde.

2. Opptaksområda for skulane Stavang og Steinhovden vert ikkje endra no.

3. Forskrift for opptaksområde for skulane Stavang og Steinhovden vert handsama i samband med skulebruksplanen, men ikkje seinare enn i oktober 2021.

4. Vidare drift av Stavang barnehage vil frå hausten 2022 avgjerast av tal på barn i barnhagen, jfr. §14 i vedtekter for barnehagane i Kinn kommune.

5. Kommunestyret legg til grunn at skulebruksplanen sine vedtekne prinsipp for reisetid også gjeld for elevane i noverande Solheim skulekrins.

Kinn kommunestyre har i vedtak knytt til bygginga av Skram skule (punkt 2) lagt føringar som vil ha innverknad på kommunal forskrift om opptaksområde for skulane i Kinn kommune:

Vedtak 092/21 - 21/24014 - Skram skule. Vurdering av byggealternativ

1. Det vert å gå vidare med følgjande to alternativ:

Alternativ 2. Rive all bygningsmasse og etablere nybygg.

Alternativ 3. Rehabiliterer bygg 1 (1920), og rive alle øvrig bygningsmasse, som erstattast med nybygg.

2. Skulen vert dimensjonert for 250 elevar.

3. Kommunestyret viser til kommunestyrevedtak 027/21 og ber administrasjonen på nytt om å dokumentere bæreevne og brannmotstand i etasjeskillene i bygget frå 1920. Viss etasjeskillene kan bevarast og rehabiliterast blir den totale rehabiliteringa av bygget frå 1920 vesentleg mindre og TEK 17 blir då ikkje eit krav på heile bygget. Administrasjonen bes utgreie og legge fram rapport som viser kva som vil være krav til TEK 17 ved en rehabilitering der etasjeskillene blir bevart.

Saka som nå vert lagt fram gjeld framlegg til kommunal forskrift om opptaksområde for skulane i Kinn kommune. Som grunnlag for å fastsette kommunal forskrift om opptaksområde for skulane, legg kommunedirektøren til grunn «Bruksplan for skule og barnehage» utarbeidd av Norconsult. I tillegg er det utarbeidd eit faktadokument, «Kunnskapsgrunnlag for vurdering av strukturendringar for skulane i Kinn kommune - skulebruksplan». Desse dokumenta, saman med forskriftssaka, svarar på dei forventningane dei folkevalde har lagt i omgrepet «Skulebruksplan».

Saka vert sendt på høyring etter handsaming i Oppvekst og kulturutvalet 16.desember 2021 , med høyringsfrist 16. februar 2022.

Kinn kommunestyre skal handsame framdriftsplan for arbeid med forskriftssak om skulestruktur i Kinn kommune 14.12.2021 (sak 167/21):

- 16.12.2020: Sak «Forskrift om opptaksområde for skulane i Kinn» vert handsama i Oppvekst og kulturutvalet i ekstra møte, og sendt på høyring. Samarbeidsutval, foreldreutval, skulemiljøutval, elevråd, tilsette sine organisasjonar og Vestland fylkeskommune (skyss) vert invitert til å delta i høyringa. Det er elles fritt for alle å la seg høyre. Elektronisk høyringsskjema vil vere tilgjengeleg på Kinn kommune si heimeside.
- 16.02.2022: Høyringsfrist
- 01.03.2022: Oppvekst og kulturutvalet handsamar saka etter at høyringsuttaler er komne inn.
- 17.03.2022: Kinn kommunestyre vedtek Forskrift om opptaksområde for skulane i Kinn kommune.

Saksopplysningar:

Kommunar som vart slått saman frå 01.01.2020 fekk frist til 01.01.2021 med å vurdere om forskrifter skal vidareførast i ny kommune, og ev. kva for endringar det er behov for i ny kommune. Om ny kommune ikkje rekk å vedta forskrift for ny kommune innan fristen, vil tidlegare kommunar sine lokale forskrifter gjelde fram til dei vert endra eller oppheva (jf Inndelingslova § 13).

Denne saka gjeld framlegg til kommunal forskrift om opptaksområde for skulane i Kinn kommune, basert på «Bruksplan for skule og barnehage» utarbeidd av Norconsult og

«Kunnskapsgrunnlag for vurdering av strukturendringar for skulane i Kinn kommune - skulebruksplan» utarbeidd av kommunedirektøren.

Lovheimel

Kinn kommune kan handsame saker om skulestruktur og opptaksområde ut frå ei heilskapleg vurdering av likeverdig opplæring, økonomiske prioriteringar og samfunnsmessige omsyn. Kommunale vedtak om endring av skulestruktur er ikkje eit enkeltvedtak etter forvaltningslova, då det ikkje er vedtak som gjed rettigheter eller plikt for ein eller fleire bestemte personar. Plassering av den enkelte elev ved ein skule, vil derimot vere eit enkeltvedtak (jf rundskriv Udir-2-2012 «Behandling av saker om skolenedleggelser og kretsgrenser»).

I Opplæringslova er omgrepet «skulekrins» erstatta med andre omgrep, som t.d. «opptaksområde», «nærskule» og «nærleiksprinsippet». Forskrift om opptaksområde er heimla i opplæringslova § 8-1:

«Grunnskoleelevane har rett til å gå på den skolen som ligg nærast eller ved den skolen i nærmiljøet som dei soknar til. Kommunen kan gi forskrifter om kva for skole dei ulike områda i kommunen dei soknar til.»

Første punkt slår fast det såkalla nærskuleprinsippet, som betyr at elevane har rett til å gå på den skulen som ligg nærast eller den skulen i nærområdet som dei soknar til. Andre punkt gjeld sakshandsaminga, og opnar for at kommunen kan utarbeide eigne forskrifter som regulerer inntaksområda / skulekrinsgrensene for skulane. Forskrift om opptaksområde må ivareta nærskuleprinsippet.

Vurderinga av kva som er nærskulen skal ta utgangspunkt i geografiske forhold, men også vurdere andre relevante forhold som t.d. om søsken er plassert ved same skule, kapasitet på skulen, om skulevegen er farleg og akseptabel reisetid. Nærskuleprinsippet set såleis premissar for kommunen sitt handlingsrom i høve skulane sine opptaksområde. Mange skular gjev mange opptaksområde, som igjen kan gje utfordringar i høve elevfordelinga. Nokre kommunar har vedteke eiga forskrift som gjev føreseielege rammer for korleis elevfordelinga skal gjennomførast i praksis. Forskrift kan definere når ein skule er full (i høve tal elevar og elevar i gruppene), slik at elevar kan fordelast til naboskulen. Dette kan t.d. løysast ved å ha flytande opptaksområde med utjamningsområde mellom skulane. Det må då vere visse kriteria som fordeler elevane i utjamningsområda, som t.d. søskenforhold, adresser, vener og liknande.

Det er eigne krav til sakshandsaminga ved eventuelle endringar i skulane sine opptaksområde eller krinsgrenser. Nokre av desse krava omhandlar at aktuelle partar skal ha uttalerett før endeleg politiske vedtak vert fatta. Handsaminga av saker om skulenedlegging og krinsgrenser er omtalt i Utdanningsdirektoratet sitt rundskriv 2-2012. Oppvekst og kulturutvalet si vedtak om handsaming av framlegg til opptaksområde for skulane i Kinn kommune, er i samsvar med krav til sakshandsaming slik det går fram av Utdanningsdirektoratet sitt rundskriv 2-2012.

Kapasitet

Skulestrukturvurderingar bør som hovudregel søke løysingar som utnyttar og optimaliserer eksisterande skuleanlegg. Skular med plass til fleire elevar bør utnyttast og fyllast opp, slik at kvart skuleanlegg får det elevtalet det er bygd for.

Kapasitetsomsyn kan takast inn i forskrifta, men då må kommunen dokumentere at skulane er «fulle». Skildringa av skuleanlegg og vurdering av kapasitet i «Skule- og barnehageskildring - Vedlegg 1» til «Bruksplan skule og barnehage 2020 – 2035» gjev


kommunen grunnlag for slik dokumentasjon.

Areal, elevtal og kapasitet ved skulane i Kinn

	Elevar 2022/2 023	Ledig kapasit et skuleår et 2022/2 023	Maksi mal kapasi tet, elevtal	Netto generelt læringsa real (m2)	Netto spesialis ert læringsa real (m2)	Nettoareal personalavd eling (m2)
Brandsøy skule	91	81	172	748	181	195
Eikefjord skule	147	94	241	1110	441	272
Flora ungdomsskule	446	27	473	1800	830	559
Florø barneskule	459	82	541	2266	421	590
Krokane skule	179	151	330	1046	295	285
Raudeberg skule	98	62	160	589	195	234
Skavøypoll skule	138	69	207	745	183	159
Skram skule	233	17	250	0	0	0
Stavang skule	13	18	31	113	42	57
Steinhovden skule	16	24	40	118	149	68
Torvmyrane skule	133	98	231	1144	183	305
Vågsøy ungdomsskule	217	63	280	1346	769	525
TOTALT	2170	786	2956	4769	1769	1385

Talet på elevar i kvar gruppe er det avgrensande kapasitetstalet, og maksimalt elevtal vert ein konsekvens av storleiken på gruppene.

Figur: Elevtalsprognose – Kinn kommune



Kinn kommune får ein betydeleg elevtalsnedgang i åra som kjem. Elevtalsprognosen til Norconsult syner at elevtalsgrunnlaget i grunnskulane kjem under 2000 elevar rundt skuleåret 2025/2026. Det samla elevtalet vil stabilisere seg på rundt 1700 elevar på lang sikt.

Skulane i Kinn kommune har god kapasitet til å ta imot framtidige elevar. Det vil såleis ikkje vere behov for å byggje nye skular i langtidsperioden, utover bygging av ny Skram skule for elevane i Måløy og nytt areal til gymsal ved Florø barneskule.

Med eit framtidig lågare barne- og elevtal må det takast stilling til kor mange elevplassar kommunen har behov for – og når, og kvar i kommunen det er behov for elevplassar. Det vil danne grunnlaget for fastsettinga av forskrift om opptaksområde for skulane.

Vurderingar:

Alle skulane i Kinn kommune har elevtalsnedgang, nokre meir enn andre. Ufordringa er å finne måtar å løyse dette på som gjev ein skulestruktur og opptaksområde som legg godt grunnlag for likeverdig opplæring, økonomiske prioriteringar og tek samfunnsmessige omsyn.

Klasseutvikling på skulane i Kinn utan strukturell endring endring (basert på elevale delt på delingstal)

	22/23	23/24	24/25	25/26	26/27	27/28
Brandsøy skule	7	7	7	7	7	
Eikefjord skule	10	10	10	10	10	
Flora ungdomsskule	16	16	15	14	13	12
Florø barneskule	21	20	19	18	18	
Krokane skule	9	9	9	8	8	
Raudeberg skule	7	7	7	7	7	
Skavøypoll skule	7	7	7	7	7	
Skram skule	13	13	12	11	11	
Stavang skule	2	2	1	1	1	
Steinhovden	2	1	1	1	1	

skule						
Torvmyrane skule	7	7	7	7	7	7
Vågsøy ungdomsskule	9	9	9	9	9	9
TOTALT	110	108	104	100	99	28

Tabellen over syner ei matematisk kopling av tal på elevar mot klassar, som vil bety ein klassenedgang på 11 klassar fram mot 2026 utan at det vert gjort strukturelle endringar. Dersom ein overfører Steinhovden og Stavang til andre skular vil dette gje ei ytterlagare innsparing på 2 klassar.

Tabellen under viser gjennomsnittleg elevtal i klassane ved bruk av ein matematisk modell for elevtal mot delingstal, 28 på barnetrinnet og 30 på ungdomstrinnet. Det kan verte ein komplikasjon ved Skram skule som kan falle dramatisk i elevtal i klassane ved oppretting av eigne klassar for anna målform. Florø ungdomsskule t.d., vil i perioden ha eit stabilt elevtal som ligg rett under delingstala, medan andre skular vil få middels eller lågt an i høve delingstalet.

Gjennomsnittleg elevtal i klassane på alle skulane utan endringar.						
	22/23	23/24	24/25	25/26	26/27	27/28
Brandsøy skule	13,00	14,43	13,57	12,14	11,57	
Eikefjord skule	14,70	14,30	13,30	13,20	12,30	
Flora ungdomsskule	27,88	28,44	29,27	28,79	27,54	27
Florø barneskole	21,86	21,45	21,37	21,78	21,28	
Krokane skule	19,89	18,22	17,67	17,63	17,75	
Raudeberg skule	14,00	13,00	11,86	10,57	9,14	
Skavøypoll skule	19,71	17,86	16,86	15,71	14,43	
Skram skule	17,92	18,08	18,08	18,36	17,91	
Stavang skule	6,50	7,50	11,00	9,00	6,00	
Steinhovden skule	8,00	12,00	8,00	5,00	5,00	
Torvmyrane skule	19,00	18,86	17,14	17,57	17,29	
Vågsøy ungdomsskule	24,11	24,33	25,11	24,56	23,11	20,78

I «Bruksplan skule og barnehage 2020 – 2035» peikar Norconsult på ulike strukturkonsept vurdert etter delområde. Kommunedirektøren vurderer desse strukturkonseptane i lys av tabellane over, som syner klasseutviklinga basert på elevtal/delingstal og gjennomsnittleg elevtal i klassane.

1. Florelandet (Brandsøy inkl. Solheim, Torvmyrane, Krokane og Florø barneskole)

Alternativ		Vurdering
Konsept 3 A	Vidareføre dagens ordning med 4 barneskular.	Brandsøy skule er eit nytt, moderne og framtidsretta skulebygg. Brandsøy skule fekk tillagt opptaksområdet til Solheim skule frå 01.08.2021 (KST – sak 45/21) Brandøy inklusivt Solheim vil ha eit framtidig elevtilfang på mellom 80-90 elevar. Ei vidareføring vil gje eit ei klasse på kvart årstrinn med eit gjennomsnittleg elevtal

		som varierer frå 12 til 15 elevar. Skulen vil ha kapasitet til ein eventuell framtidig elevtalsauke. Brandsøy har i tillegg to-avdelings barnehage. Torvmyrane skule er eit funksjonelt skulebygg. Framtidig elevtal vil ligge på omlag 130, fordelt på 7 klassar. Eit gjennomsnittleg elevtal vil ligge på 18 – 19 elevar. Skulen vil ha kapasitet til ei eventuell framtidig elevtalsauke. Torvmyrane har i tillegg til skulen har ein 5-avdelings barnehage. Krokane skule manglar i dag fellesareal og grupperom, og treng ombygging og rehabilitering (dette er nærare beskrive i bruksplanen frå Norconsult). Framtidig elevtal vil ligge på omlag 180 – 190 elevar. Skulen vil gå frå 9 til 8 klassar, med eit gjennomsnittleg elevtal som går frå 20 til 18 elevar. Florø barneskole vil venteleg få eit elevtal på under 400 elevar frå skuleåret 24/25. Florø barneskole vil få ein nedgang i tal klassar frå 21 til 18. Gjennomsnittleg elevtal vil ligge på ca 22 elevar pr klasse. Skulen sine utfordringar knytt til kapasitet vil då betre seg. Skulen treng ny gymsal for å stette krav til fysisk aktivitet. Skulen har kapasitet til ei eventuell framtidig elevtalsauke. Felles for barneskulane i Florø sentrum: Torvmyrane, Krokane og Florø barneskole tek imot elevar frå Solbakken asylmottak, og elevar i familiar som får familiegjenforeining (KURS KF). Til tider utfordrar dette elevtalet i klassane. Kommunedirektøren vurderer at løysinga med å vidareføre dagens ordning med 4 barneskular i sentrum kan gjennomførast. Opptaksområda til skulane vert uendra, og elevane får opplæringstilbod på nærskulen som er lokalt forankra hos innbyggjarane. Florø sentrum (Florelandet) vil ha kapasitet til ei eventuell framtidig elevtalsauke innanfor dei aktuelle skulebygga. Ei vidareføring gjev ikkje auka skyssbehov.
Konsept 3 B	Torvmyrane til Brandsøy (20%) og Krokane (80%)	Løysinga fører til at Torvmyrane skule vert nedlagt. Det vert att 5-avdelings barnehage i bygget. Opptaksområdet til Brandsøy og Krokane må endrast, og det må vurderast skyss-behov med omsyn til trygg skuleveg for elevar som vil sokne til Brandsøy. Løysinga vil gje klassesdeling på alle trinn på Krokane, som i dag har 12 klasserom. Krokane skule vil få eit utbyggingsbehov i tillegg til ombygging/rehabilitering. Kommunedirektøren vurderer at ei løysing der ein legg ned ein funksjonell skule og overfører ein stor del av elevane til ein skule som treng utbygging for å ta imot eit auka elevtal,

Konsept 3 C	Krokane til Torvmyrane (30%) og Florø barneskole (70%)	ikkje er aktuell å gjennomføre i nåverande planperiode. Løysinga kan gje auka skysskostnadar ut frå omsynet til trygg skuleveg. Barnehagetilbodet på Torvmyrane vil halde fram, og det ligg ikkje føre planar på kva ein alternativt kan nytte «skulelokala» til. Løysinga fører til at Krokane skule vert nedlagt, og opptaksområdet til Krokane må delast mellom Florø barneskole og Torvmyrane skule. Det må fastsetast nye opptaksområde for Florø barneskole og Torvmyrane skule. Torvmyrane vil få eit framtidig elevtal på mellom 160 – 170 elevar. Slik løysing kan ikkje realiserast før frå skuleåret 25/26, med omsyn til kapasiteten på FBS. FBS får eit framtidig elevtal på mellom 490 og 460 elevar (skuleåret 25/26). Kommunedirektøren vurderer at denne løysinga ikkje er aktuell å gjennomføre i nåverande planperiode. Sjå elles kommunedirektøren si vursering i høve konsept 3A og 3B.
Konsept 3 D	Torvmyrane vert 1-4 skule og Krokane vert 5-7 skule for Torvmyrane og Krokane	Ei tilrettelegging for eitt opptaksområde for Krokane skule og Torvmyrane skule, med deling 1-4 og 5-7, vil ikkje gje reduksjon i tal klasser. Kommunedirektøren vurderer at felles opptaksområde for Krokane skule og Torvmyrane skule, med årstrinna 1-4 på Torvmyrane skule og årstrinna 5-7 på Krokane skule ikkje er aktuelt å gjennomføre. Slik løysing gjev ikkje reduksjon i tal klassar ved skulane, men fordrar 2 klassar på kvart årstrinn.

2. Eikefjord inkl. Steinhovden og Stavang

Alternativ		Vurdering
Konsept 1 A	Vidareføre dagen ordning med 3 skular	Elevtalet ved kvar av dei 3 skulane vert lågare, og vil gje høge elevkostnadar. Eikefjord barne- og ungdomsskule er eit nytt, moderne og framtidsretta skulebygg. EBU vil ha eit framtidig elevtilfang som vil flate ut på ca 120 elevar. Ei vidareføring vil gje eit ei klasse på kvart årstrinn med eit gjennomsnittleg elevtal som vil gå frå 15 til 13 elevar. Skulen vil ha kapasitet til ein eventuell framtidig elevtalsauke. Steinhovden skule er eit funksjonelt skulebygg og nytt opparbeidd uteområde. Elevtalet ved skulen vil gå frå 18 til 5 elevar til skuleåret 25/26. Elevane kan organiserast i 1 klasse. Stavang skule er oppvekstsenter for bygdene Standal, Stavang og Stavøya. I tillegg har skule elevar frå Høydalane. Klassetalet ved skulen vil

Konsept 1 B	Eikefjord barne- og ungdomsskule inklusivt Steinhovden	gå frå 2 til ei klasse med bakgrunn i at elevtalet går ned. Elevtalet i klassen vil bli 6 elevar i planperioden. Stavang har også barnehageavdeling. Kjent barnetal på nåverande tidspunkt er 5 barn frå skuleåret 2022/2023. Komunedirektøren vurderer at løysinga med å oppretthalde 3 skular er utfordrande med bakgrunn i svært låge elevtal i Stavang og i Steinhovden. Med bakgrunn i å styrke elevtalet ved EBU, vert det vurdert at elevane ved Steinhovden og Stavang får skuletilbod ved EBU frå skuleåret 2022-2023. Elevane kan overførast til respektive klasser utan at dette fører til klasseauke. Slik løysing vil gje auka skyssbehov for elevane frå Stavang og Steinhovden sine opptaksområde. Eikefjord barne- og ungdomsskule er eit nytt, moderne og framtidsretta skulebygg. Elevane frå Steinhovden skule kan inkluderast i klassar ved EBU utan at det fører til klassesdeling. Elevtalsprognosen syner ein framtidig nedgang i elevtalet, som vil stabilisere seg på om lag 130 elevar frå 1. – 10. årstrinn. Ordninga vil gje auka skyssbehov for elevane frå Steinhovden sitt opptaksområde. Komunedirektøren vurderer (sjå vurderinga under konsept 1 A)
Konsept 1 C	Eikefjord inklusivt Steinhovden og Stavang	EBU har kapasitet til å ta imot elevar både frå Stavang og Steinhovden. Elevar til ungdomstrinnet vil gradvis bli endra frå Florø ungdomsskule til EBU. Skulen vil likevel få elevtalsnedgang på mellomlang og lang sikt, og elevtalet vil stabilisere seg på om lag 140 elevar frå 1. – 10. årstrinn. Ordninga vil gje auka skyssbehov. Elevar frå Stavang vil nytte ei skyssordning (buss). Komunedirektøren vurderer (sjå vurderinga under konsept 1 A)
	Stavang til Florø barneskole?	Komunedirektøren vurderer at Florø barneskole vil ha kapasitet til å ta imot elevar frå Stavang dersom foreldre vil velje ei slik løysing. Elevar frå Stavang til ungdomstrinnet går i dag på Florø ungdomsskule. Elevane må forholde seg til ulike skyssløysingar (buss, båt og buss), noko som også vil gje ei lengre reisetid for elevane frå t.d Standal og Stavøya.

3. Måløy (Skram, Raudeberg og Skavøypoll)

Alternativ	Vurdering
------------	-----------

Konsept 2 A	Vidareføre dagen ordning med 3 barneskular	Skavøypoll skule vil få ein elvtalsnedgang som stabiliserer seg på rundt ca 100 elevar i eit langtidsperspektiv. Skulen vil ha 1 klasse på kvart årstrinn, med eit gjennomsnittleg elevtal som går frå 20 elevar til 15 elevar i planperioden. Skulen vil ha kapasitet til ein eventuell framtidig elevtalsauke. Raudeberg skule vil få ein elvtalsnedgang som stabiliserer seg på mellom 60 – 70 i eit langtidsperspektiv. Skulen vil ha 1 klasse på kvart årstrinn, med eit gjennomsnittleg elevtal som går frå 14 elevar til 10 elevar i planperioden. Skulen vil ha kapasitet til ein eventuell framtidig elevtalsauke. Skram skule vil få ein elevtalsnedgang som vil stabilisere seg på ca 200 elevar i eit framtidsperspektiv. Skulen vil gå frå 13 til 11 klassar, med eit gjennomsnittleg elevtal stabilt elevtal på 18 – 19 elevar. Talet på elevar som vel alternativ målform, vil utfordre klassestorleiken. Skulen vil ha kapasitet til ein eventuell framtidig elevtalsauke. Kommunedirektøren vurderer at løysinga med å vidareføre dagens ordning med 3 barneskular er den beste løysinga i planperioden. Det skal byggast ny Skram skule, som vert eit nytt, moderne og framtidsretta skulebygg. Skram skule skal dimensjonerast med plass til 250 elevar (vedtak 92/21 - Kinn kommunestyre).
Konsept 2 B	Skram skule inkludert Raudeberg skule	Det skal byggast ny Skram skule, som vert eit nytt, moderne og framtidsretta skulebygg. Skram skule skal dimensjonerast med plass til 250 elevar (vedtak 92/21 - Kinn kommunestyre). Sjølv om elevtalet går ned både i Måløy (søre krets) og Raudeberg (nordre krets), vert kapasiteten ved ny skule utfordra ved ei slik løysing. Ordninga gjev auka skysskostandar for elevane frå Raudeberg skule sitt nåverande opptaksområde. Kommunedirektøren vurderer at løysinga med å vidareføre dagens ordning med 3 barneskular er den beste løysinga for elevane i Måløy-området. Det skal byggast ny Skram skule, som vert eit nytt, moderne og framtidsretta skulebygg. Skram skule skal dimensjonerast med plass til 250 elevar (vedtak 92/21 - Kinn kommunestyre). Kapasiteten ved ny skule vert utfordra dersom elevane til Raudeberg skule skal inkluderast i Skram skule sitt opptaksområde. Ordninga gjev auka skysskostandar for elevane frå Raudeberg skule sitt nåverande opptaksområde
Konsept 2 C	Skram skule inkludert	Ny Skram skule skal byggast med kapasitet til 250 elevar, og vil ikkje ha kapasitet til å vere

	Raudeberg skule og Skavøypoll skule	løysing for ein barneskule for Skram, Raudeberg og Skavøypoll. Kommunedirektøren vurderer at løysinga med å inkludere alle barneskuleelevane til ein barneskule – Skram skule ikkje kan realiserast ut frå vedtaket til kommunestyret (sak 92/21), om at Skram skule skal dimensjonerast til 250 elevar.
--	-------------------------------------	--

Anna løysing som kommunedirektøren også har vurdert.

4. **Felles opptaksområde for Florø barneskule, Krokane skule og Torvmyrane skule.**

Elevgrunnlag ved felles opptaksområde Florø barneskule-Krokane-Torvmyrane						
	21/22	22/23	23/24	24/25	25/26	26/27
1. klasse	97	112	95	90	78	79
2. klasse	101	97	112	95	90	78
3. klasse	89	101	97	112	95	90
4. klasse	106	92	101	97	112	95
5. klasse	130	109	92	101	97	112
6. klasse	138	134	109	92	101	97
7. klasse	133	139	134	109	92	101
Sum	794	784	740	696	665	652

Tal paralleller ved felles opptaksområde Florø barneskule-Krokane-Torvmyrane						
	21/22	22/23	23/24	24/25	25/26	26/27
1. klasse	4	5	4	4	3	3
2. klasse	4	4	5	4	4	3
3. klasse	4	4	4	5	4	4
4. klasse	5	4	4	4	5	4
5. klasse	5	5	4	4	4	5
6. klasse	6	5	5	4	4	4
7. klasse	6	6	5	5	4	4
Sum	34	33	31	30	28	27
Uten	37	36	35	33	32	32

Med felles opptaksområde for dei 3 sentrumsskulane kan ein få ein jamnare klassestorleik ved kvar av skulane på ca 24 til 25 elevar i kvar klasse. Det samla talet på klassar vil gå ned, og gje ei innsparing. Med felles opptaksområde må det takast omsyn til nærleiksprinsippet; elevane har rett til å få grunnskuleopplæringa si på nærskulen. Med felles opptaksområde må det vurderast om t.d. elevar som bur i området Tua må få skuleplass på Krokane skule dersom det ikkje er kapasitet på det aktuelle årstrinnet. På same måten må det vurderast om elevar som bur i t.d Krokavegen må få skuleplass dersom det ikkje er kapasitet på det aktuelle årstrinnet.

Kommunedirektøren ser det som uheldig at ei slik løysing kan legge opp til splitting av

t.d. søsken på ulike skular dersom dette ikkje er familien sitt ønskje. Ved gjennomføring av felles opptaksområde skal følgjande prosedyre leggjast til grunn dersom det ikkje er kapasitet på det aktuelle årstrinnet;

1. Elevar som har søsken på skulen skal ha prioritet framfor elevar som ikkje har søsken på skulen
2. Ordinære reglar for skyss vil gjelde

Kommunedirektøren vurderer at ei løysing med felles opptaksområde for Torvmyrane skule, Krokane skule og Florø barneskule kan vere vanskeleg å gjennomføre, med bakgrunn i at det til ei kvar tid må gjerast vurderingar knytt til elevar sin rett til å få grunnskuleopplæringa si på nærskulen. Det vert ikkje lagt opp til felles opptaksområde for desse skulane på nåverande tidspunkt.

Skyss for skuleelvar

Kinn kommune må forholde seg til reglar om skuleskyss for elevar som er nedfelt i opplæringslova kapittel 7. I tillegg gir Rundskriv Udir-2-2019 nærare informasjon om reglar om gratis skuleskyss.

Elever kan ha rett til skyss til og frå skulen av ulike grunnar:

- Lang skuleveg. I grunnskulen inntre retten når lengda er større enn 4 km. Det er ikkje rett til skyss til og frå SFO eller leksehjelp.
- Særleg farleg eller vanskeleg skuleveg. Trafikkutfordringane må vere større enn ein kan forvente at eleven meistarar. Det skal gjerast ei objektiv og subjektiv vurdering.
- Båttransport. Retten til skyss inntre når det er naudsynt uavhengig av reiselengde. Rett til skyss til og frå båt er avhengig av at eleven oppfyller andre vilkår om skyss som t.d. lang skuleveg.
- Nedsett funksjonsevne eller midlertidig skade eller sjukdom. Retten gjeld både skyss til skule og SFO, men ikkje til leksehjelp. Det er ikkje eit krav om at tilstanden gjer det umogeleg å gå til skulen, men om den representerer ei byrde utover det vanlege på skulevegen.

Kommunen samarbeider med fylkeskommunen om ansvaret for skyss til elevane. Ulike ordningar knytt til skuleskyss er nærare skrive om i «Kunnskapsgrunnlaget for vurdering av strukturendringar for skulane i Kinn kommune – skulebruksplan».

Det er mange elevar i Kinn kommune som har rett til skuleskyss.

Kommunedirektøren støttar seg til fylkeskommunen sitt skyssreglement når det gjeld vurderingar knytt til *akseptabel reisetid*.

Rettleiande norm for reisetid:

- *Omlag 45 min for 1.-4. årstrinn*
- *Omlag 60 min for 5.-7. årstrinn*
- *Omlag 75 min for 8.-10. årstrinn*

Reisetidene nemnt ovanfor er rettleiande. Elevar med lang avstand mellom heim og skule må rekne med lengre samla reisetid. F.eks. ved samanslåing av skular som fører til lengre reiseavstandar, når eleven ikkje går på sin nærskule eller ved «delt bustad» der ein av dei føresette flyttar ut av krinsen til nærskulen.

Økonomiske konsekvensar:

Det er utarbeidd ein budsjettfordelingsmodell for skulane som «regulerer» driftsrammene til skulane ut frå likeverdige indikatorar. Budsjettfordelingsmodellen baserer seg på innrapporterte GSI-tal, og skal justerast etter rapporteringa i GSI kvart år i oktober.

Tabellen under syner kostnader slik det går fram av budsjettfordelingsmodellen.

Kinn totalt							
Skoleår	21/22	22/23	23/24	24/25	25/26	26/27	27/28
Elevtal	2199	2171	2124	2018	1927	1810	1718
Samla kostnad skule (mill)	253,65	249,37	244,09	235,41	226,15	218,8	216
Snitt kostnad per elev	115 000	115 000	115 000	116 500	117 400	120 800	125 700
Årsverk pedagog	221,63	216,36	212,52	203,57	193,25	183,38	178,03
Snitt lærartimar per elev	72,1	70,9	71,2	71,7	72,2	72,8	73

På skulenivå synleggjer modellen at ein elev på t.d Florø barneskule skuleåret 21/22 kostar kr 93 250,-. Til samanlikning kostar ein elev på Skram skule kr 92 600,-, ein elev på Steinhovden skule kr 189 900,- og ein elev på Stavang skule kr 310 800,-. Ved å legge ned Steinhovden og Stavang skular, vil snittkostnaden gå ned, slik tabellen under syner. Det som er merka gult, syner årleg innsparing. Dette gjeld innsparing knytt til drifta av opplæringstilbodet. Kostnader knytt til drifta av bygga, og reinhald vil gje ein ytterlagre innsparing.

Kinn totalt uten Steinhovden og Stavang							
Skoleår	Høst 22	22/23	23/24	24/25	25/26	26/27	27/28
Elevtal		2171	2124	2018	1927	1810	1718
Samla kostnad skule (mill)		245,15	240,1	231,44	222,19	214,41	210,9
Snitt kostnad per elev		112 900	113 050	114 700	115 300	118 500	122 800
Årsverk pedagog		213,4	209,1	200,5	190,1	180,3	173,7
Snitt lærartimar per elev		69,7	69,9	70,4	69,9	71,2	71,8

Den naturlege reduksjonen i klassar på bakgrunn av elevtalsnedgangen vil ha rimeleg store økonomiske effektar med 11 klassar. Saman med effekten av innlemming av Steinhovden og Stavang i andre opptaksområde, vil dette gi ein økonomisk effekt som er slik at ressurstilgangen til skulane i Kinn er likeverdig internt i kommunen – også samanlikna med andre kommunar vi kan samanlikne oss med.

Med desse tiltaka vil vi forhalde oss til dei innsparingskrava som ligg i økonomiplanen med atterhald om store endringar i elevtalstilgang. Nøyaktig berekning av innsparingastiltaka må gjerast ved dei rette tidspunkta for ressursfordeling og budsjettering.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

«Skriv her»

Vedlegg i saken:

Skulestrukturplanen - Kinn kommune 2021

Bruksplan for barnehage og skule

VEDLEGG 1_Skule- og barnehageskildring_20201205

VEDLEGG 2.Bruksplan